



Arild Kvamme
Erstadvegen 42
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1694 - 22/71945

Saksbehandlar:
Marte Hagen Eriksrud
marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato:
19.09.2022

Standardsvar-Innspel til kommuneplanen sin arealdel for Alver

Takk for ditt innspel til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Dette brevet inneheld informasjon om vidare prosess med handsaming av innspel, korleis du kan følgje med i den vidare prosessen og kva rettår du har etter å ha sendt inn innspel til kommuneplanen sin arealdel.

Nettside for planarbeidet

Vi har ei eiga nettside knytt til arbeidet med arealdelen: [Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel](#). Denne sida blir oppdatert fortløpande med informasjon om planarbeidet.

Har du sendt innspel til planprogrammet?

Administrasjonen vil vurdere alle innspel til planprogrammet. Innspel til planprogrammet vert lagt ved som vedlegg til politisk sak om endeleg vedtak av planprogrammet. Planprogrammet, med framlegg til eventuelle endringar, skal opp som sak i utval for areal, plan og miljø, før kommunestyret kan gjere eit endeleg vedtak av planprogrammet. Forventa handsaming i kommunestyret er i oktober/november 2022.

Har du sendt innspel til arealdelen?

Innspel til arealdelen kan vere konkrete arealinnspel, generelle innspel eller innspel til føresegnene. Alle innspela til kommuneplanen blir publisert på postlista til kommune og vil vere offentleg tilgjengelege som ein del av planarbeidet.

1. Arealinnspel vert publisert i www.nordhordlandskart.no
2. Grovsiling av innspel – sak til politisk styringsgruppe. Administrasjonen vurderer alle innspel og utarbeidar ei politisk sak med tilråding til kva innspel som skal takast med vidare til konsekvensutgreiing, og kva innspel som bør silast ut. Denne grovsilinga er ei vurdering av om innspelet er i tråd med føringar i planprogrammet (omtalt i kap. 5 i planprogrammet).
3. Nye byggeområder må konsekvensutgreiast og vurderast i ein risiko- og sårbarheitsanalyse for å avklare om det er tilrådeleg å legge byggeområde inn i planen (omtalt i kap. 6 i

planprogrammet). Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalysen er kunnskapsgrunnlag for arealplanen og er avgjerande for kva endringar som vert lagt inn.

Kor tid dei ulike punkta over vert gjennomført, vil avhenge av kor mange innspel som vert sendt inn og framdrift i planprosessen totalt sett.

Kva rettar har du når du har sendt inn innspel til kommuneplanen?

Eit innspel til kommuneplanen kan vere eit råd, ein idè eller eit ønskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen.

Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b.

I kommuneplanprosessen gjeld:

- Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.
- Du har innsynsrett i plansaka sine dokument i samsvar med offentleglova.
- Du må sjølv følgje saka på kommunen si nettside.
- Kommunen gjer ikkje eit eige vedtak som gjeld ditt innspel, og du har ikkje krav på grunngjeving ut over det som går fram av plandokumenta og sakspapira.
- Du har ikkje klagerett, verken på korleis kommunen har vurdert ditt innspel, på kommunen sitt endelege vedtak om å godkjenne planen eller på sakshandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Medverknad før endeleg vedtak av planen

Når planprogrammet er vedtatt av kommunestyret, startar utarbeidinga av sjølve arealplanen. Når planforslaget er ferdig, vil utval for areal, plan og miljø fatte vedtak om å sende planforslaget ut på høyring og offentleg ettersyn.

Alle innbyggjarar, interesserte, organisasjonar og nasjonale og regionale mynde blir invitert til å uttale seg om planforslaget. Innbyggjarar som har kome med innspel til planarbeidet vert ikkje direkte kontakta, men høyringsperioden vert annonsert på kommunen si heimeside, kommunen sine sosiale mediekanalane og i lokalavis. Når kommunestyret har godkjent planen er saka avslutta og innspelet ditt ferdig handsama.

Kontaktinformasjon

Har du spørsmål om saka, ta gjerne kontakt med Marte Hagen Eriksrud på e-post: Marte.Hagen.Eriksrud@alver.kommune.no.

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

